



STATENS VEGVESEN  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

## Vedtak om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved gnr. /bnr. 201/883 og 133/457 i Ålesund kommune

**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Statens vegvesen løyve etter forureiningslova til utfylling over forureina sjøbotn ved gnr. 201 bnr. 883 og gnr. 133 bnr. 457 i Ålesund kommune. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt.**

**Vi vedtek eit gebyr på kr 38 900 for sakshandsaminga.**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal syner til søknad av 28.11.2023 om løyve etter forureiningslova til utfylling ved gnr. 201 bnr. 883 og gnr. 133 bnr. 457 i Ålesund kommune.

### Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Statens vegvesen løyve etter forureiningslova til utfylling over forureina sjøbotn ved gnr. 201 bnr. 883 og gnr. 133 bnr. 457 i Ålesund kommune. Løyvet er gjeve med heimel i Lov av 13.03.1981 om vern mot forurensning og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper tiltaket elles vil medføre. Det er satt vilkår for løyvet. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell søknad om endring må difor føreligge i god tid før endringa ynskjast gjennomført.

At det er gjeve løyve fritenk ikkje frå erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

### Bakgrunn

Statens vegvesen søkte 28.11.2023 om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø langs E136 i Ålesund frå Meierikaia til Color Line Stadion. Det vart søkt om å fylla ut med om lag 15 000 – 18 000 m<sup>3</sup> massar for å etablere gang- og sykkelveg. Til utfyllinga skal det nyttast overskotsmassar frå arbeidet med Lerstadtunnelen i Ålesund. Anleggsperioden oppgitt i søknaden var 2024-2026.



Vegvesenet skreiv i søknaden at massane vil verte sortert i ulike fraksjonar. Sjøbotnen vil verte dekkja til med finare massar i tråd med tiltaksplanen for *Renere fjord*-prosjektet. Området der Vegvesenet skal fylle ut i sjø er del av prosjektets delområde 4, der tiltaksløysinga for opprydding på forureina sjøbotn i hovudsak er tildekking med massar (jf. Rambøll sin reviderte tiltaksplan datert 01.11.2022). Over tildekkingslaget skal Vegvesenet nytte sprengstein til både fylling og plastring av fylling.

Tidlegare undersøkingar har vist at tiltaksområdet der det skal fyllast ut er til dels sterkt forureina med ulike miljøgifter. Sterkast er forureininga i området der det tidlegare låg eit gassverk, i overkant av to hundre meter aust for Meierikaia.

### **Høyring og innspel**

Søknaden var på høyring i perioden 16. januar til 16. februar 2024 med kunngjering i Sunnmørsposten og på Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si nettside. Kopi av søknaden vart òg send til relevante høyringspartar med oppmoding om å kome med uttale. Ålesund kommune fekk etter førespurnad utsett frist med ei veke for å uttale seg. Vi fekk inn dei fylgjande uttalene og innspela:

#### Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum (16.01.2024)

Sjøfartsmuseet uttalar seg om marinarknologiske tilhøve. Dei har vurdert saka, og kjenner ikkje til kulturminne ved det aktuelle tiltaksområdet som kan verte råka av tiltaket. Dei har heller ikkje indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Dei har difor ingen merknadar til inngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i området, og dei peiker på at tiltakshavar har ei plikt til å gjeve museet melding dersom ein under arbeidet finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Arbeidet må straks stansast og museet kontaktast snarast dersom ein finn kulturminne som kan verte råka.

#### Ålesund kommunale eigedom KF (07.02.2024)

Ålesund kommunale eigedom KF skreiv at dei ynskja meir informasjon om kva arbeidet ville gå ut på og om korleis utfyllinga for gang- og sykkelveg ville påverke småbåthamna i Volsdalsvågen.

#### Fiskeridirektoratet (14.02.2024)

Fiskeridirektoratet uttalar seg om fiskeri- og akvakulturinteresser og marint biologisk mangfold.

Dei opplyser at det er registrert eit område for fiske med passive reiskapar (jukse/pilk og garn) i Aspevågen, om lag 170 meter og utover frå utfyllingsområdet. Dei vurderer at det omsøkte tiltaket i liten grad vil medføre direkte konsekvens for fiskeriinteressene. Ingen akvakulturlokalitetar finnast i nærleiken.

Direktoratet opplyser vidare at Havforskningsinstituttet (HI) har registrert eit nasjonalt viktig gytefelt for torsk i Aspevågen/Borgundfjorden. Gytefeltet har mykje egg og høg retensjon. Utfyllingsområdet ligg innanfor gytefeltet, og alle tiltak i sjø i desse området må sjåast i samheng med gytefeltet.

Det er òg registrert fleire større tareskogförekomstar med stortare i nærleiken, og desse er verdivurdert som viktige. Dei næraste er ved Bålholmen, Aspa og Lampeholmen. Tareområda er funksjonsområde for ei rekke artar. Det er òg kjend at tareskogen kan vere oppvekstområde for torsk og andre artar. Utfylling kan medføre påverknadar som nedslamming og redusert lystilgang grunna partiklar i vatnet.



Fiskeridirektoratet føresett at det gjerast tiltak for å forhindre spreining av miljøgifter, plastfiber og skyteledning, og at det berre nyttast reine massar til utfylling. Det må sikrast at ikkje gytefeltet forringast, og det må visast omsyn til både gytinga og dei tidlege livsstadia. Risikoreduserande tiltak må vurderast i gytetida og perioden for tidlege livsstadium (yngel) dersom det skal gjerast arbeid i perioden frå 1. januar til 15. juni.

Dersom det skal nyttast sprengsteinmassar frå område med risiko for sulfidhaldige bergartar, må massane kontrollerast før utfylling då stein frå sulfidhaldige bergartar ikkje kan betraktast som reine massar.

Fiskeridirektoratet peiker på at fleire undersøkingar har vist at sedimenta i Aspevågen er sterkt forureina med miljøgifter. Arbeidet må planleggast slik at spreining av finpartiklar og miljøgifter vert redusert så mykje som mogleg. Direktoratet syner til ei tidlegare uttale frå HI der det vart advart mot mudrings- og utfyllingstiltak i gytetida og i den tidlege oppvekstfasen. HI anbefalar generelt siltgardin nær gytefelt.

Fiskeridirektoratet anbefalar å sette ei tidsavgrensing for utfyllingstiltaket som skjermar den tida når torsken gyter og yngelen botnslår, som i dette tilfellet omfattar perioden frå 1. januar til 15. juni.

#### Ålesund kommune – oppryddingsprosjekt ved gassverket og *Renere fjord* (innsend 22.02.2024)

Kommunen peiker på at det er påvist svært forureina massar i den eksisterande vegfyllinga i området og i botnsedimenta. Det er planlagd opprydding i forureining ved det nedlagte gassverket i området og elles i Aspevågen i tilknytning til *Renere fjord*-prosjektet. Utfyllingsområdet inngår i tiltaksområdet til oppryddingsprosjekta. Utføringa av *Renere fjord* avheng av tildeling av middel frå statsbudsjettet, og det er sannsynleg at vegvesenet utfører utfyllingstiltaket sitt før prosjektet får starta med planlagd tildekking. Kommunen skriv at vegvesenet sitt tiltak ikkje må vere til hinder for eller medføre ekstrautgifter for oppryddingsprosjektet.

Det er kjend at det ligg tjære i fri fase ved fyllingsfoten nedanfor gassverkområdet og i eit område lenger ute. Det er planlagd å mudre vekk den forureininga som er definert som farleg avfall, mens sjøbotnen elles skal dekkast til i tilknytning til *Renere fjord*-prosjektet. Det er allereie fjerna om lag 920 tonn svært forureina massar nær Ystenesgt 6b, men det ligg igjen noko forureining under bygget, under vegbanen og i fyllinga ned til sjøen. Det er utarbeidd tiltaksplanar for resterande forureining på sjø og land, men det er ikkje konkludert med løysing enno for forureininga på land.

Kommunen opplyser at dei er i dialog med vegvesenet om koordinering og samarbeid. Kommunen anbefalar at Statens vegvesen lager ein samordna plan for utfylling og handsaming av massar slik at «ikkje arbeidet blir urasjonelt og ei ekstra belastning på samfunnet». Rekkjefylgja på arbeidet må styrast av saneringsarbeidet ved gassverket og i samsvar med krava til oppryddinga, slik at ikkje forureininga vert gjort utilgjengeleg for sanering. Kommunen peiker på at tiltaka mot grunnforureining må gjerast før tiltaka mot forureining på sjøbotnen. Vegvesenet sitt tiltak må ikkje vere til hinder for eller medføre ekstrautgifter for oppryddingstiltaket ved gassverket.

#### Ålesund kommune – planavdelinga (innsend 22.02.2024)

Planavdelinga skriv at dei frå tidlegare dialog har forstått det slik at gang- og sykkelvegen skal vere mellombels, og dette er ein føresetnad i planavdelingas uttale. Avdelinga legg òg til grunn at det er heile strekninga frå Meierikaia til Sparebanken Møre Arena som skal fyllast ut. Dette arealet er omfatta av planane 1504420 – *Volsdalsneset idrettspark* (vedteken 06.02.1997), 1504337 *Buholmsneset – Sørneset, innfartsveg, Ysteneset, endret kryss (toplans) mellom E69* (vedteken 10.03.1986) og 1504446 –



*Ålesund sentrum* (vedteken 17.03.2000). Det er òg igangsett reguleringsarbeid for *Ålesund sentrum – Brosundtunnel – detaljregulering*, med varsla oppstart 31.12.2023 (synast på kart i uttala).

Planavdelinga skriv at det er viktig at det opprettast dialog med prosjektleiaren for planarbeidet slik at reguleringsplanen og utfyllinga vert samkøyrde. Planendringa vil leggje det juridiske grunnlaget for forlenginga av gang- og sykkelvegen vestover.

Kommunedelplan for Ålesund 2016-2028, vedteken 09.03.2017 syner arealformålet på den aktuelle strekninga (synast på kart i uttala, der det òg er kart over sykkelnettet gjennom byen).

Den planlagde utfyllinga er ikkje så stor at den fell inn under forskrifta om konsekvensutgreiingar. Sjølv om det ikkje er regulert areal til gang- og sykkelveg langs store delar av strekninga, vurderer planavdelinga at ettersom tiltaket er mellombels og ligg innanfor vegføremål, og er i tråd med kommunedelplanens arealdel, har dei ikkje planfaglege innvendingar mot tiltaket.

#### Ålesund kommune – kommuneoverlegen (innsend 22.02.2024)

Kommunen skal gjennom uttaler etter folkehelselova medverke til at folkehelsa vert ivaretatt av andre myndigheiter. Kommuneoverlegen finn at søknaden er svært mangelfull med omsyn til opplysningar som gjeld folkehelseilhøve. Det er oppgitt i søknaden at risikovurderingar og SHA-plan skal etterlevast, men kommuneoverlegen finn det uklart kva vurderingar og omsyn som skal liggje til grunn ved utarbeidinga av desse. Kommuneoverlegen finn det òg uklart korleis arbeidet skal utførast og dermed korleis arbeidet kan gjeve påverknad i eit helseperspektiv.

Kommuneoverlegen føresett at Statsforvaltaren gjer naudsynte vurderingar av dokumentasjon knytt til støyproblematikk i tiltakshavars risikovurdering og SHA-plan, jf. folkehelselova § 22 om statlege verksemder sitt ansvar. Det peikast på at dumping av steinmassar er ein støyande og støvande aktivitet og at anleggsperioden vil vere lang. Kommuneoverlegen ynskjer at det vurderast tiltak for å redusere ulempene og at arbeid seine kveldar, på natt og i helgar unngåast så langt det er mogleg. Dei ynskjer òg at det lagast ein plan for å hindre støvflukt og at det utarbeidast ein informasjon- og varslingsplan retta mot naboar.

Kommuneoverlegen betraktar gang- og sykkelveg som eit viktig tiltak for å leggje til rette for fysisk aktivitet og styrke folkehelsa og er dessutan «avgjørende om det skal være mulig å nå nullvekstmålet for motorisert ferdsel». Det er uheldig at gang- og sykkelvegen vert liggande i rød støysone slik at dei som nyttar han vil verte utsett for støy og luftforureining frå bilane.

Kommuneoverlegen føresett at det vert sett av areal til støyskjerming mot vegen. Skjermingstiltaket må gjennomførast ved etablering av gang- og sykkelvegen. Kommuneoverlegen meiner ein omreguleringsprosess skulle ha sikra støyskjermingstiltak i planens rekkefølgebestemmingar. Kommuneoverlegen nemner at redusert fartsgrense òg kan betre forureiningssituasjonen langs strekninga.

#### **Tiltakshavars kommentarar til høyringsinnspel**

##### Tiltakshavars kommentar til høyringsinnspel frå Ålesund kommunale eigedom KF (08.02.2024)

Som svar på innspelet frå Ålesund kommunale eigedom KF opplyser tiltakshavar at arbeidet i Volsdalsvågen går ut på å fyrst fylla ut med tildekkingsmassar over forureina sjøbotn dei fyrste 70 metrane frå parkeringa, og deretter leggje ut sprengsteinfylling med plastring. Lengst aust skal det berre leggjast sprengsteinfylling på eksisterande fylling og plastrast for erosjonssikring. Gang- og sykkelveg skal etablerast på fyllinga. Kart som syner tiltaka var vedlagt svaret frå tiltakshavar.



Tiltakshavar meiner arbeidet vil ha liten eller ingen påverknad på småbåthamna i vågen. Innseglinga rundt den austlege piren vil kunne verte noko smalare på lågaste lågvatn, men det vil likevel vere god plass til båtane.

#### Tiltakshavars kommentar til høyringsinnspel frå Fiskeridirektoratet (12.02.2024)

Tiltakshavar opplyser at arbeidet skal utførast over fleire år og at det difor ikkje vil vere naudsynt å fylle ut i sjøen i torsken sin gyteperiode. Vidare opplysast det at det aller meste av arbeidet berre skal gå ned til kote -2 og berre med nokså stor og grov sprengstein. Det er berre dei siste 70 metrane inn mot parkeringa ved stadion at det skal fyllast ut over sjøbotn som ikkje tidlegare er røyrt ved.

#### Tiltakshavars kommentar til høyringsinnspel frå kommuneoverlegen (08.03.2024)

Vegvesenet skriv at dei har eit stort samfunnsansvar og ansvar for å fremme folkehelsa. Målet med prosjektet Bypakken Ålesund er at fleire skal sykle, gå og reise kollektivt, og at det skal verte færre bilreiser. Gang- og sykkelvegen vil vere eit godt bidrag til dette målet.

Det er mykje gangtrafikk i området, og med ein ny og sikker trasé for gåande og syklande vil trafikktryggleiken auke vesentleg. Gang- og sykkelvegen er fyrste del av ei planlagd sykkelrute frå Ålesund sentrum til Moa. Den vil òg vere gjeve ein god forbindelse for gåande og syklande mellom sentrum og skulane og busetnadane i områda langs Sjømannsvegen og til utfartsstaden Volstadsberga. Vegvesenet meiner forbindelsen utvilsamt vil vere avgjerande for at fleire skal gå og sykle i staden for å køyre bil til og frå sentrum.

### **Statsforvaltarens vurderingar**

Statsforvaltaren vurderer at det aktuelle tiltaket medfører risiko for forureining som kan gjeve nemneverdig skade eller ulempe og at det difor er naudsynt med eit utsleppsløyve, jf. forureiningslova § 11.

#### Forureining og partikkelspreiing

Sediment- og grunnundersøkingar utført på sjøbotnen i området i tilknytning til *Renere fjord*-og gassverkprosjektet syner at sedimenta er sterkt forureina. Forureiningssituasjonen er skildra i mellom anna Rambøll sin reviderte tiltaksplan for *Renere fjord*-prosjektet (Rambøll, 01.11.2022) og Rambøll sin tiltaksplan for forureina sjøbotn utanfor det tidlegare gassverket (Rambøll, 01.11.2022). Spesielt sterk er forureininga i gassverkområdet, der eit større område har PAH-konsentrasjonar over grensa til «farleg avfall». Desse massane er planlagd mudra vekk som del av oppryddingstiltaka som skal gjerast i Aspevågen. Det er òg kjend at det er forureining frå gassverket under vegbanen E136. Det kan verte aktuelt å sikre denne mot spreining til sjøen ved å etablere ein barriere, jf. Rambøll sin tiltaksplan for grunnforureining ved gassverket (Rambøll, 31.10.2022), men endeleg tiltaksløysing er ikkje vald enno.

Ved utfylling med massar i desse områda vil det vere behov for avbøtande tiltak for å motverke spreining av miljøgifter frå sedimenta under arbeidet. Då tiltaksområdet er del av delområde 4 i tiltaksplanen for Aspevågen må det òg syrgjast for at det vert gjort permanente tiltak i utfyllingsområdet som er i samsvar med det som skal gjerast elles i delområdet. Det inneber at sjøbotnen må dekkast til med same type massar, og i eit like tjukt lag (30 cm), som det som er planlagd i oppryddingsprosjektet, jf. vilkår 4.6 i løyvet. Vegvesenet har oppgitt i søknaden at dei planlegg dette.



I området der det tidlegare låg eit gassverk er sjøbotnen forureina opp til nivå «farleg avfall». Farleg avfall er planlagd (Rambøll, 2022) mudra vekk før området dekkast til med massar. Tiltaka med gang- og sykkelveg må gjerast i samråd med Ålesund kommune/*Renere fjord*-prosjektet og på ein slik måte og i ei slik rekkefylgje at dei ikkje vanskeleggjer eller medfører ekstra kostnader for oppryddingstiltaka i Aspevågen eller ved det tidlegare gassverket, jf. vilkår 4.10 i løyvet og Ålesund kommune si høyringsuttale.

For å redusere uheldig spreiring av miljøgifter, partiklar og avfall skal utfyllingsarbeid utførast bak eit siltgardin alle stadar der det er praktisk mogleg, jf. vilkår 4.7 i løyvet. Siltgardinet skal dimensjonerast og plasserast slik at det i størst mogleg grad hindrar spreiring ut frå området der det arbeidast. Det må etablerast ein rutine for regelmessig kontroll av at siltgardinet er intakt og uskadd, ligg godt på plass og fungerer etter hensikta. Bruk av siltgardin vil mellom anna ivareta omsynet til torsk og anna liv i sjøen og den nærliggande taeskoen, jf. Fiskeridirektoratet si høyringsuttale.

Partikkelspreiring under tiltaket må overvakast ved turbiditetsmåling, jf. vilkår 5.1-5.3 i løyvet. Overvakingsprogram skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal i god tid før arbeidet startast opp.

#### Marin forsøpling - plast og avfall

Marin forsøpling er eit stort problem langs Noregs kyst og kan mellom anna føre til at det oppstår mikroplast. Utfyllingsmassar inneheld ofte sprengtrådestar og anna avfall.

Det må syrgjast for at utfyllingstiltaket langs E136 ikkje medfører marin forsøpling i form av spreiring av plast og anna avfall under arbeidet, jf. vilkår 4.5 i løyvet. Det må sjåast til at massane som nyttast ikkje fører med seg plast og avfall ut i sjøen. Massar med høgt innhald av sprengtrådestar og liknande skal ikkje nyttast til utfylling i sjø.

#### Vurderingar etter naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. Vurderingane har hatt utgangspunkt i opplysningar i søknaden og informasjon tilgjengeleg i databasen *Naturbasen* og Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy. Vi har og nytta tiltaksplan og rapportar utarbeidd i tilknytning til *Renere fjord*-prosjektet. Vi finn at den føreliggande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova, og kan ikkje sjå at det er grunn til å leggje spesiell vekt på føre-var-prinsippet i denne saka, jf. § 9.

I *Naturbasen* er det registrert eit yngleområde for ærfugl og svartbak ved Bålholmen, som ligg eit par hundre meter sør for tiltaksområdet. Vi vurderer at tiltaksarbeida ikkje vil medføre ei vesentleg forstyrring av fuglane, men tiltakshavar må vise omsyn. Tiltaka mot spreiring av partiklar og miljøgifter frå sjøbotnen vil beskytte matsøkjande fuglar.

Ikring Bålholmen er det òg registrert ein større taeskoegførekost, som er verdivurdert som «viktig». Tiltaka mot spreiring av miljøgifter og partiklar, jf. tidlegare avsnitt, burde vere tilstrekkelege til å beskytte taeskoen mot vesentleg påverknad.

I Fiskeridirektoratets kartdatabase er det registrert eit stort gyteområde for torsk (borgundfjordtorsken) som dekker heile Aspevågen, inkludert tiltaksområdet (jf. Fiskeridirektoratets høyringsuttale). Gytefeltet reknast som nasjonalt viktig og har gytefeltverdi 6. Det skal vere verifisert gjennom fleire undersøkingar at feltet har stor tilbakehalding av egg. Auka partikkelnivå og spreiring av miljøgifter i gytetida og torsken sin tidlege oppvekstfase vil vere uheldig, og alle tiltak i sjø i området må vurderast opp mot gytefeltet, jf. høyringsuttala. Fiskeridirektoratet opplyser i uttala si at



den sårbare perioden for torsken i dei aktuelle områda er frå 1. januar til 15. juni, og dei føresett at det regulerast i løyvet i tråd med dette når på året tiltak i sjøen kan utførast. Tiltakshavar har opplyst i sin kommentar til Fiskeridirektoratets uttale at arbeida skal utførast over fleire år og at det ikkje er naudsynt å fylle ut i torsken sin gyteperiode. Dei opplyser òg at arbeidet for det meste berre skal gå ned til kote -2 og at det skal nyttast nokså stor og grov sprengstein (noko som vil redusere risikoen for at det spreiaast partiklar). Av omsyn til torskens gyting og tidlege oppvekstperiode sett vi eit vilkår i løyvet (4.8) om at utfyllingsarbeid ikkje skal utførast i perioden frå og med 1. januar til og med 15. juni.

Om lag 300 meter ut i vågen frå tiltaksområdet er det registrert eit stort fiskefelt for passive reiskapar (settegarn, juksa og pilk), der det fiskast etter torsk, hyse og sei (jf. høyringsuttale frå Fiskeridirektoratet). Fisket skjer i periodane mars-mai og august-oktober avhengig av kva art det fiskast etter. Då avstanden er stor, venter vi ingen vesentleg påverknad på fiskefeltet.

Ingen akvakulturlokalitetar er registrert i nærleiken til tiltaksområdet.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut ifrå den samla belastinga som økosystemet vert usett for. Det aktuelle tiltaket skal utførast i eit område som ber preg av vegtrafikk og anna menneskeleg aktivitet. På bakgrunn av vilkåra i løyvet meiner vi at tiltaket sitt bidrag til den samla belastinga vil vere innanfor det som er akseptabelt. Sjå òg vår vurdering etter vassdirektivet i eit seinare avsnitt.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavaren dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i tiltaksområdet dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltakets karakter og den eventuelle skaden. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekkja eventuelle kostnadar av dei avbøtande tiltaka slik dei vert skildra i løyvet. Dei avbøtande tiltaka er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav til bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skadar på naturmangfaldet.

#### Vassdirektivet

Tiltaket skal utførast i vassførekomsten *Aspevågen*, som i databasen *Vann-nett* har moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifylgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta), normalt ikkje utførast dersom tiltaka vil medføre ein reduksjon av vassførekomsten sin økologiske status. Under Vegvesenets utfyllingsarbeid skal det gjerast avbøtande tiltak som tildekking av sjøbotnen med den same typen massar som vil verte nytta i det store oppryddingsprosjektet. Dette vil motverke spreiring av miljøgifter under anleggsarbeidet og også på lang sikt, og vi meiner tiltaket vil vere positivt for vassførekomsten.

#### Støy og støv

Som peika på av kommuneoverlegen i høyringsuttala, kan utfylling med steinmassar medføre støy og støvdrift. Anleggsperioden for tiltaket er langvarig, og det bor folk i nærleiken til tiltaksområdet. Støy frå vegen vil òg kunne forringe opplevinga for dei som skal nytte den komande gang- og sykkelvegen.

Støy frå arbeidet må haldast innanfor grenseverdiane i rettleiaren *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2021), jf. vilkår 3.6 i løyvet. Tiltakshavar må i størst mogleg grad unngå støyande aktivitetar på kveld og natt og i helgar. Vi føresett at tiltakshavar utfører risikovurdering av arbeidet opp mot støvproblematikk, slik det er oppgitt i søknaden, og kartlegg moglege støyulemper og tiltak. Tiltakshavar må òg syrgje for at det etablerast varslingsrutinar retta mot dei som bor i



nærleiken til tiltaksområdet. Vi oppmodar om å vurdere etablering av støyskjerm slik som kommuneoverlegen har anbefalt.

Tiltakshavar må òg syrgje for at det gjerast tiltak etter behov mot støvdrift som kan vere til ulempe for naboar og dei som ferdast i området, jf. vilkår 4.9 i løyvet. Tiltak kan vere til dømes vatning og tildekking av massar.

### **Konklusjon**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillèt tiltak i sjø etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra meiner vi at tiltaket ikkje vil medføre uakseptabel spreining av forureining eller anna ulempe for miljøet som er uakseptabelt stor sett opp imot samfunnsnytta ved tiltaket.

### **Erstatningsansvar**

Løyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

### **Vedtak om sakshandsamingsgebyr**

Vi syner til vårt brev av 12.01.2024 med varsel om sakshandsamingsgebyr der vi varsla at saka ville verte plassert under gebyrsats 6. Vidare syner vi til *Forskrift om begrenning av forurensning* (forureiningsforskrifta) kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve.

På bakgrunn av tids- og ressursbruken vår ved sakshandsaminga, plasserast saka under gebyrsats 6, noko som inneber at verksemda skal betale eit gebyr på kr 38 900 for sakshandsaminga.

Faktura vil verte send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadatoen.

Gebyrvedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga vert ikkje gjeve oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalst i samsvar med det som er nemnd over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klaga, vil det overskytande beløpet verte refundert.

Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no).

### **Offentleggjing av løyvet**

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snaret som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. Verksemda kan nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Statsforvaltaren sin logo skal ikkje nyttast. I tillegg til kunngjeringa i dagspressa, vil Statsforvaltaren kunngjere vedtaket på si eiga nettside, [www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal](http://www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal), under «Kunngjeringar».

Sjå under for vårt forslag til kunngjeringstekst ved kunngjering i dagspressa:

#### Forslag til kunngjeringstekst ved kunngjering i dagspressa

*Statens vegvesen får løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved gnr./bnr. 201/883 og 133/457 i Ålesund kommune. Dei skal fylle ut med opp til 18 000 m<sup>3</sup> overskotsmassar frå tunnelarbeid for å etablere*





gang- og sykkelveg langs fjorden frå Meierikaia til Colorline Stadion. Planlagt anleggsperiode er 2024-2026.

Vedtaket med løyve kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, [www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal](http://www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal), under «Miljø og klima» og «Kunngjeringar».

Kommentarar eller klage på vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, postboks 2520, 6404 Molde, eller til [sfmrpost@statsforvalteren.no](mailto:sfmrpost@statsforvalteren.no), innan tre veker etter vedtaket.

#### Datoar og fristar

- Vedtaket skal kunngjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast oppstartsmelding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket settast i verk. Meldinga kan gjevast til sakshandsamar på e-post [thomas.aurdal@statsforvalteren.no](mailto:thomas.aurdal@statsforvalteren.no).
- Løyvet er gyldig til **31.12.2027**
- Sluttrapport i tråd med vilkår 6.1 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at tiltaksarbeidet er ferdig.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
underdirektør

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Løyve til utfylling

Kopi til:

ÅLESUND KOMMUNE

STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

FISKERIDIREKTORATET

ÅLESUND KOMMUNALE EIGEDOM KF

Postboks 1521

Postboks 7800

Postboks 185 Sentrum

Postboks 1521

6025 ÅLESUND

5020 BERGEN

5804 BERGEN

6025 ÅLESUND



## Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

### Løyve for Statens vegvesen til utfylling i sjø ved gnr. 201 bnr. 883 og gnr. 133 bnr. 457 i Ålesund kommune

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11 jf. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gyldig fram til **31.12.2027**.

#### Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

|                                    |   |
|------------------------------------|---|
| Bedrift                            | Statens vegvesen                          |
| Lokalisering/gateadresse           | -   |
| Postadresse                        | Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 LILLEHAMMER |
| Org. nummer (bedrift)              | 971 032 081                               |
| Lokalitet for tiltaket             | E136 Fagervika-Volsdalsvågen              |
| Koordinatar for tiltaket (UTM 32)  | X: 354423, Y: 6929744                     |
| Gards- og bruksnummer for tiltaket | Gnr. 201 bnr. 883 og gnr. 133 bnr. 457    |
| Kommune tiltaket utførast i        | Ålesund                                   |

#### Statsforvaltarens referansar

|                  |                 |                           |
|------------------|-----------------|---------------------------|
| Løyvenummer      | Anleggsnummer   | Risikoklasse <sup>1</sup> |
| 2024.0078.T      | 1508.0539.01    | 4                         |
| Løyve gitt:      | Endringsnummer: | Sist endra:               |
| 03.04.2024       | -               | -                         |
| Arkiv: 2023/6704 |                 |                           |

Christian Dahl (e.f.)  
underdirektør

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

<sup>1</sup> Miljømyndighetene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



## Endringslogg

| Endringsnummer | Endringar av | Punkt | Kva endring som er gjort |
|----------------|--------------|-------|--------------------------|
| -              | -            | -     | -                        |

**1. Verkeområde for løyvet**

Løyvet omfattar utfylling med opp til 18 000 m<sup>3</sup> reine massar over forureina sjøbotn ved gnr. 201 bnr. 883 og gnr. 133 bnr. 457 i Ålesund kommune. Løyvet gjeld berre massar som er eigna til formålet.

**2. Generelle vilkår**

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden datert 28.11.2023 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitenes vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og Bergens sjøfartsmuseum kontaktast.

**3. Internkontroll, beredskap og varsling**

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene.



- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.
- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.
- 3.6 Støy frå utfyllingsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2021). Tiltakshavar må før arbeidet settast i verk gjere risikovurdering av støyproblematikk og kartlegge og vurdere moglege støyulempar og avbøtande tiltak. Det må òg etablerast varslingsrutinar retta mot dei som bor i nærleiken.

#### 4. Utfylling i sjø

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden og i tråd med gjeldande regulering.
- 4.3 Det skal nyttast metodar for utfylling som minimerer faren for spreining av forureining.
- 4.4 Utfyllingsmassane skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarande tilstandsklasse II for sedimenter i samhøve med Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiane fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å nytte reaktive bergartar. Massane skal vere eigna til føremålet. Det er ikkje lov å fylle ut med massar dersom hovudføremålet er å kvitte seg med massane.
- 4.5 Det må utførast tiltak etter behov for å redusere spreining av sprengtrådrestar og anna avfall frå fyllmassane så mykje som mogleg. Tiltak kan vere utsortering i forkant av utfylling, bruk av lense eller oppsamling frå vassflata. Massar med høgt innhald av sprengtrådrestar eller anna avfall som kan spreie seg i vatnet skal ikkje nyttast til utfylling i sjø.



- 4.6 Då tiltaksområdet består av forureina sediment og er del av tiltaksområdet for oppryddingsprosjektet *Renere fjord Ålesund*, må forureina sjøbotn dekkast med minst 0,3 meter reine, fine massar før utfyllinga med steinmassar startast opp. Dette skal minimere faren for at forureina sediment på staden virvlast opp og spreia under tiltaka og i tillegg fungere som ei permanent sikring av forureininga i området som skal fyllast ut i tråd med måla i *Renere fjord*-prosjektet. Tildekkingsmassane må vere reine og eigna til føremålet.
- 4.7 Det skal alle stadar der det er praktisk mogleg nyttast siltgardin under utfyllingsarbeidet. Siltgardinet skal plasserast og dimensjonerast slik at det i størst mogleg grad hindrar spreining av partiklar, miljøgifter og avfall ut frå området der det arbeidast. Det skal etablerast ein rutine for regelmessig kontroll av at siltgardinet er intakt og uskadd, ligg godt på plass og fungerer etter hensikta. Brukt siltgardin skal sendast til godkjend mottak når arbeidet er utført.
- 4.8 Utfyllinga skal av omsyn til torskens gyte- og oppvekstperiode utførast utanom perioden frå og med 1. januar til og med 15. juni.
- 4.9 Tiltakshavar må syrgje for at det gjerast tiltak etter behov for å motverke støvdrift som kan vere til ulempe for naboar og dei som ferdast i området. Tiltak kan vere til dømes vatning og tildekking av massar.
- 4.10 Tiltaka skal utførast i samråd med Ålesund kommune/*Renere fjord*-prosjektet og på ein slik måte og rekkjefylgje at ikkje planlagde oppryddingstiltak i Aspevågen eller ved det tidlegare gassverket vert vanskeleggjort.

## 5. Kontroll og overvaking

- 5.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet i samhøve med eit kontroll- og måleprogram. Kontroll- og måleprogrammet skal inngå i verksemdas internkontrollsystem. Programmet skal vere tilstrekkeleg omfattande til å avdekke eventuell uakseptabel spreining av forureining i tilknytning til tiltaket. Program for turbiditetsmålingar skal sendast til Statsforvaltaren i god tid før arbeidet startast opp.
- 5.2 Under anleggsperioden skal det kontinuerleg takast prøver/gjerast målingar av:
- Turbiditet i minst ein referansestasjon i området som ikkje er påverka av anleggsarbeidet.
  - Turbiditet i minst ein målestasjon nedstraums som er påverka av anleggsarbeidet og som maksimalt ligg 50 meter frå staden der arbeidet utførast.
- 5.3 Grenseverdien for turbiditet settast til 10 NTU over turbiditet på referansestasjonen. Ved overskridingar av grenseverdien utover ein periode på 15 minutt, skal det settast i verk tiltak for å avklare årsakssamanhengen. Dersom overskridinga skyldast interne tilhøve, skal arbeidet stansast med ein gong og naudsynte tiltak gjennomførast. Prosessen kan ikkje



starte opp før turbiditeten er nede på stabile nivå under grenseverdien. Rutinar og eventuelle tiltak skal skildrast i internkontrollen.

5.4 Det skal førast logg over resultat frå overvakinga, og over mengder og tidspunkt for utfylling av massar. Loggen skal som eit minimum òg innehalde eventuelle overskridingar og korrigerande tiltak. Loggen skal vere tilgjengeleg ved eventuelle tilsyn.

## **6. Rapportering**

6.1 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Skildring av arbeidet med tildekking av sjøbotn
- Resultat frå turbiditetsmålingane
- Eventuelle overskridingar og korrigerande tiltak.